








Skjåk kommune

KONTROLLUTVALET PROTOKOLL

Møtestad: Skjåk kommunehus	Møtedato: 4. april 2018	Frå kl. 0900	Til kl. 1200
--------------------------------------	-----------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Knut Vindheim		
Møteinnkalling (kunnngjering)	Møteinnkalling sendt 15. mars 2018.		
Til stades:	I alt 5 medlemmer	Av desse 5 faste medlemmer	
Andre frammøtte	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 8/2018 – 13/2018		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	 Knut Vindheim  Tor Arne Rønningen  Arild dePresno  Arnfrid Austin  Svein Skjåkodegård		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- Medlemmane av kontrollutvalet
- Varamedlemmane av kontrollutvalet
- Ordføraren og rådmannen
- Innlandet Revisjon IKS



Skjåk kommune

KONTROLLUTVALET PROTOKOLL

Møtestad: Skjåk kommunehus	Møtedato: 4. april 2018	Frå kl. 0900	Til kl. 1200
--------------------------------------	-----------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Knut Vindheim					
Møteinnkalling (kunngjering)	Møteinnkalling sendt 15. mars 2018.					
Til stades:	I alt 5 medlemmer	Av desse 4 faste medlemmer				
Andre frammøtte	Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt Revisor Magnar Kolden og dagleg leiar Bjørg Hagen frå Innlandet Revisjon IKS Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.					
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 8/2018 – 13/2018					
Merknader til møtebok	Ingen					
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	Knut Vindheim Arild dePresno			Tor Arne Rønningen Arnfrid Austin		Svein Skjåkødegård

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- Medlemmane av kontrollutvalet
- Varamedlemmane av kontrollutvalet
- Ordføraren og rådmannen
- Innlandet Revisjon IKS



	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	4. april 2018	Kontrollutvalet	08/2018

Vedlegg:

- Revisjonsmelding for kommunerekneskapen 2017 dagsett 8. mars 2018
- Revisors oppsummering av revisjonen 2017
- Rekneskapen m/vedlegg og årsmelding 2017. (Eigen ekspedisjon frå Skjåk kommune.)
- Saksframlegg om disponering av overskot 2017.

SKJÅK KOMMUNES ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2017**Saksframlegg:**

§ 7 i kontrollutvalgsforskrifta fastset følgjande:

”Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgis uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.”

Kommunerevisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldande reglar. Han meiner at den er i samsvar med lov, forskrift og kommunal rekneskapsskikk. Rekneskapen gjev i det vesentlege ei dekkjande framstilling av den finansielle stillinga til Skjåk kommune.

Etter gjennomgang av motteke materiale har sekretæren for kontrollutvalet ingen merknad til revisor sin konklusjon. Idet sekretæren syner til revisjonsmeldinga dagsett 8. mars 2018 vil ein rå kontrollutvalet til å gje slik

uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune.

Uttale om årsrekneskapen til Skjåk kommune 2017 frå Skjåk kontrollutval

Kontrollutvalet har i møte den 4. april 2018 i sak 08/2018 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og årsmeldinga til rådmannen. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 2 359 642 (2016: 5 586 336).

Netto driftsresultat er kr. 2 976 516 ((2016: 9 145 805) eller 1,2 % av driftsinntektene, mot 2,9 i 2016. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel som set 1,0 %.

Brutto lånegjeld utgjer kr. 242 885 606. Dette er 104,4 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel på 115 %.

Frie disponerte midlar utgjer kr. 16 939 000, som er 7,28 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Årets rekneskapsmessige overskot på kr. 2 359 642,17 foreslår rådmannen disponert slik:

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2017 på 2.359.642,17 kroner slik:

1. 1.200.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
2. 575.033,85 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
3. 500.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
4. 84.608,32 kroner blir avsett som øyemerka midlar til å dekkje rekning på gjesteinnbyggjarar fastlegeordninga.
5. 345.750 kroner som gjeld overføring av flyktningar til anna kommune blir dekt av avsette flyktningmidlar.

Kontrollutvalet har ikkje innvendingar mot forslaget.

Ut over det som er nemnt ovanfor, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaken og revisjonsmeldinga, har kontrollutvalet ikkje merknader til Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2017. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Handsaming:

Økonomisjefen gjekk gjennom rekneskapen og svara på spørsmål frå utvalet. Innlandet Revisjon IKS orienterte om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet drøfta saka og gjer tillegg til forslag til uttale.

Uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet har i møte den 4. april 2018 i sak 08/2018 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og årsmeldinga til rådmannen. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 2 359 642 (2016: 5 586 336).

Netto driftsresultat er kr. 2 976 516 ((2016: 9 145 805) eller 1,2 % av driftsinntektene, mot 2,9 i 2016. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel som set 1,0 %.

Brutto lånegjeld utgjer kr. 242 885 606. Dette er 104,4 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel på 115 %.

Frie disponerte midlar utgjer kr. 16 939 000, som er 7,28 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Årets rekneskapsmessige overskot på kr. 2 359 642,17 foreslår rådmannen disponert slik:

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2017 på 2.359.642,17 kroner slik:

1. 1.200.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
2. 575.033,85 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
3. 500.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
4. 84.608,32 kroner blir avsett som øyremerka midlar til å dekkje rekning på gjesteinnbyggjarar fastlegeordninga.
5. 345.750 kroner som gjeld overføring av flyktningar til anna kommune blir dekt av avsette flyktningmidlar.

Kontrollutvalet har ikkje innvendingar mot forslaget.

Ut over det som er nemnt ovanfor, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaken og revisjonsmeldinga, har kontrollutvalet ikkje merknader til Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2017. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Kontrollutvalet ber kommunestyret kritisk vurdere bruken av næringsfondet til lønsmidlar i kommunal drift, noko utvalet har peikt på tidlegare.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	4. april 2018	Kontrollutvalet	09/2018

Vedlegg:

- Revisjonshonorar 2017 – note i rekneskapen

SPESIFIKASJON AV REVISJONSHONORARET FOR 2017**Saksframstilling:**

I følge rekneskapsstandard nr. 6 er kommunane pliktige til å forklare ein del rekneskapspostar i noter.

Noten for revisjonshonorar skal syne kor mykje som er ordinært revisjonshonorar, kor mykje som utgjer forvaltningsrevisjon og kor mykje som har gått til tilleggsytingar/bistand.

Revisjonshonoraret for 2017 er til saman kr. 514.000 som fordeler seg slik:

Revisjon av årsrekneskapet	Kr. 246 720
Forvaltningsrevisjon	Kr. 102 800
Tilleggsytingar/bistand	Kr. 164 480

Revisor har og spesifisert kva for oppgåver som ligg under dei tre kategoriane.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek spesifikasjonen av revisjonshonoraret for Skjåk kommune for 2017 til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om bakgrunnen for berekninga.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek spesifikasjonen av revisjonshonoraret for Skjåk kommune for 2017 til orientering.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	4. april 2018	Kontrollutvalet	10/2018

Vedlegg:

Eigenvurdering ansvarleg revisor

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FOR 2018 – EIGENVURDERING FRÅ REVISOR**Saksframstilling:**

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om erklæringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	4. april 2018	Kontrollutvalget	11/2018

Vedlegg:
Note 30

OVERSIKT NÆRINGSFOND

I sak nr. 25/2017 den 4. desember 2017 vart dette protokollert:

Kontrollutvalet drøfta tema for bestilling av forvaltningsrevisjon eller for nærare orientering. Spesielt er næringsfondet aktuelt. Spesifikt tema er oppfylging av utbetaling innan tidsfrist, om prosjekta blir ferdigstilt. Kontrollutvalet ynskjer årleg oversikt over søknadene som er innvilga, men som ikkje er utbetalt.

Oversikt over næringsfondet kjem fram i note 30 i rekneskapen. Denne viser at kr. 5 163 266 er disponert. Dette er vedtak som gjeld i tre år, men som kan forlengast. Saldo på fondet pr. 31.12.17 utgjør kr. 13 622 422.

Økonomisjefen vil kunne orientere meir detaljert om fondet i møtet.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Økonomisjefen gjekk gjennom talmaterialet i samband med gjennomgang av årsrekneskapen. Kontrollutvalet gjekk gjennom saka og stilte spørsmål.

Dei ynskjer gjennomgang av årsrekneskap frå næringsfondet i eiga sak. I oversikten/gjennomgangen ynskjer kontrollutvalet at totalt innvilga løyving blir vist i eigen kolonne.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	4. april 2018	Kontrollutvalet	12/2018

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune
Årsrapport for 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Ottadalen
Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdalen

KONTROLLRAPPORT 2017 OM SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SKJÅK KOMMUNE

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avleggjing av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen.

Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har handla i samband med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 3,3 % av arbeidsgjevarane i Skjåk kommune. Kravet frå Skattedirektoratet er 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen. Verksemda dekkjer heile Nord-Gudbrandsdalen, der kontrollgraden i snitt er 4,85%.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2017 til orientering.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	4. april 2018	Kontrollutvalget	13/2018

OPEN POST

Kontrollutvalet hadde ingen spesielle saker.